



Sindre Gustavsen vart den fyrste mannen som melde seg som frivillig på Kafe Tiaren, her saman med tanta si, Selma Eik.

**Ni års drift måtte til før den fyrste mannen kom på plass i ei av gruppene som driv Kafe Tiaren. Namnet er Sindre Gustavsen ( 35 år ) kjem frå Lillesand , men er no busett på Eik. Berit Harriet Døsland og Selma Eik er gode nøgde med at no er det full likestilling på kjøkkenet i Gamleskulen.**

Kafe Tiaren med oppstart i september 2007 har 10 års jubileum i 2017. Kafeen er open kvar tysdag heile året. Åtte grupper med tre medlemmer i kvar gruppe ser til at alt er på stell med tilrettelegging, mat og sal. Nett no manglar Kafe Tiaren to faste frivillige og nokre på vikarlista. Berit Harriet og Selma vonar nokre melder seg slik at gruppene er komplette og at det ikkje vert stopp i kafetilbodet.

Sindre er son til Svein og Liv Torunn ( f. Eik ) Gustavsen. Liv Torunn kjem frå Eik. Dei har før budd i Mor i Rana og i Lillesand. No har Liv Torunn med familien flytta til heimegarden oppe på Eik, restaurerer gardshuset og bur mellombels i kårhuset. Sindre har flytta med foreldra til Eik og synst det er sosialt og viktig å få ta del i eit trivselsfremjande tiltak, slik Kafe Tiaren er i Uskedalen.

Med dette har vi gjort kjend at Kafe Tiaren treng frivillige. Gjer som Sindre Gustavsen og meld deg som medhjelpar til Berit Harriet eller Selma.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal